

Årsmelding for Kviteeid Frivilligsentral 2024



Styret: Åsne Midtsund (styreleiar, men i permisjon), Halvor Nyland (nestleiar), Kamilla Minde, Kirsten I. A. Eriksen og Geir Saxhaug (frå september). Jeanett Torsdalen var styremedlem fram til september, men trakk seg frå vervet då.

Tilsette: Regine Heimdal var tilsett som dagleg leiar fram til april. Ho fekk sleppe tidleg for å starte i ny jobb. Cecilie Austjore-Hosum kom tilbake i jobb 01. juni etter permisjonen. Marit Wright har vore rekneskapsførar i år også, men skal ikkje fortsetje i 2025.

Medlem: Frivilligsentralen har ved utgangen av 2024 15 medlem: NKS Vrådal, Kviteeid IL, Kviteeid Turlag, NKS Kviteeid, LHL Vest-Telemark, Kviteeid Pinsemenighet, Kulturhuset Sundvang, Kviteeid kommune v/ Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Kviteeid kommune v/ Idrettsrådet, Kviteeid Næringslag, Morgedal idrottslag og Misjonshuset Kviteeid Normisjon, Vrådal I.L., Vrådal og Fyresdal Målarklubb og Kviteeid Sokn.

Hovudfokus i 2024:

Sikre drift av allereie etablerte arrangement, starte opp bruktbutikken Omatt i samband med flyktningsneste, oppfølging av utlånssentralen, få stabilisert bygdekinoen som tilbod, starte opp planar og samarbeid om nytt sentrumsbibliotek som frivilligsentralen skal verte ein del av, og prosessen med å tilsette ein ekstra person til å dele på stillinga som dagleg leiar.

Nokon oppsummerande ord:

Me kan vel oppsummere med å seie at det har skjedd mykje dette året. Og at alt som er etablert og går sin gang er ein takknemleg stabilitet. Me er så takksame for alle trufaste frivillige som bidreg, eit engasjert og dyktig styre, og eit godt samarbeid med kommunen og andre lag og foreiningar.

Omatt bruktbutikk

- «der gjenbruk og språktrening går hand i hand».



Våren 2024 tok flyktingtenesta kontakt med frivilligsentralen og lurte på om me ville starte opp ein bruktbutikk saman. Intensjonen var å lage eit aktivitetstilbod der flyktingar frå Ukraina kunne få språktrening og bli integrert. Butikken starta opp 1. juni, og fekk fort både brukte varer og kundar. Me leiger halve lokalet av Sverre Ruud, som sel ut varelageret sitt i den andre halvdelen. I butikken er det også ein sitjegruppe som legg til rette for sosialt. Det har i hovudsak vore fire ukrainske damer som har drifta butikken, og dei har gjort ein framifrå jobb. Frivilligsentralen har ein avtale med kommunen om at dei dekker utgiftene til straum og husleige viss ikkje ein tener inn dette på sal.

Kviteseid utlånsentral:

Utlånsentralen nærmar seg å verte godt etablert som tilbod i kommunen. Han er i alle fall godt utstyrt, med mykje forskjelleg friluftsutstyr til alle årstider som folk kan låne. Nytt i år er mellom ana toppturutstyr som randoneeski, splitboard og skredutstyr. Dei som nyttar seg av lånetilbodet er godt fornøgd, av det me har høyrd. Samstundes er me i ein fase der me må finne ut korleis ein best mogleg kan gjere tilbodet tilgjengeleg for folk, likeins å nå ut med informasjon om tilbodet til alle. Frivilligsentralen har vore i dialog med kommunen og Kvito om dette, og vil fortsetje med dette komande år. I haust starta også prosessen med å ta i bruk BUA-namnet for utlånsentralen. BUA står for «Barn og unge i aktivitet» og er namnet som dei fleste utlånsentralar nyttar i dag.



Faste arrangement som frivilligsentralen er (med)arrangør av:

- **Bygdekinoen** starta opp med fullsett sal, raud løpar og gratis popcorn på vinteren 2024. Utover våren gjekk publikumstala ned, så me var spente på korleis dette kom til å fungere. Men frå hausten av gjorde me ein ekstra PR-innsats, og med fleire norske historiske filmar var det fullsett sal igjen. Frå hausten av starta me også opp med matinéforestillingar på dagtid, med pensjonistar som hovudmålgruppe. Det har gått opp og ned med besøkstala,

og me skjønner at kva for film som synast har mykje å sei. Me har eit godt samarbeid med NC Spectrum og Bygdekinoen, og har fått med fleire frivillige som bidreg utover kvelden med kiosksal og opprydding. Desse er me svært takknemlege for at bidreg, og dei er viktige for å kunne halde fram med tilbodet.



- **Øpen hall** fortsett som eit godt etablert fritidstilbod annakvar fredag. På Øpen hall kan ungdomane drive med aktivitet i hallen, game på E-sportrommet, spile på instrument på musikkromma eller skote på skjotebanen. Skyttarlaget stiller trufast opp i deira innesesong. I foajeen kan ungdomane handle seg både varmmat og kioskvarer. Det har generelt vore god deltaking, og fleire vaksne bidreg trufast som frivillige. Me har med to elevteam frå Kvitsund som har sin kristendomspraksis der, ved å arbeide i både kiosk og ute i miljøet. Det er flott med kvitsundelelane, dei engasjerer ungdommane på ein god måte, dei har hatt nokre konkuransar og satt i gang aktivitetar som engasjerer mange. Me har også eit godt samarbeid med Waldenstrøm med kjøp av mat. Siste gong før jol hadde me filmkveld på Næringshagen.



- **Ungdomskafé på Hvidesøe** varte fram til sommaren dette året, men stoppa opp då Hvidesøe la ned. Tilbodet har vore annakvar torsdag frå kl 14-16. Det har vore eit godt samarbeid mellom frivilligsentralen, Psykisk helse og kafé Hvidesøe. På Hvidesøe har ungdomane kunne handla seg mat, bolle og kakao til 25kr stk, sitte å skravle eller spele brettspel og dart.



- **Fredagsdiscoen** har fortsett som eit godt etablert tilbod for menneske med nedsett funksjonsevne i regionen. Det har kome deltakarar frå heile Vest-Telemark og Drangedal, og mange frivillige bidreg trufast kvar gong. Her er det også eit Kvitsund team som er med. På fredagsdisco har me fast musikk, dans, karaoke, loddsal og kiosk, og av og til andre aktivitetar òg. Etter ein evaluering i sommar, har me frå hausten av hatt fredagsdisco annakvar månad i staden for kvar månad.



- **Barnedisco** starta opp i haust etter innspel frå ein frivillig som hadde arrangert det ein annan plass. Me fant ut at det var mest praktisk å ha det på laurdagen etter fredagsdiscoen, for då er mykje rigga klart allereie. Fleire frivillige har bidratt på barnediscoen med både rigging, mat, sjølve arrangementet og rydding. Fyrste gongen var det skikkeleg fullt hus, og me tør å påstå at dei fleste barna i kommunen hadde tatt turen. Det var skikkeleg morosamt, og både barna og dei vaksne hadde ein flott kveld. Fyrste gongen

blei opplegget leda av fem ungdomsskulejenter, og dei gjorde ein kjempejobb! Det var musikk, dans, fellesleikar, fruktspyd, ballongar og discolys.


- **Leik og moro med Lundenjordet** har fortsett dette året med god suksess. Dei har kome til Næringshagen annakvar tysdag for leik, song og kaffi. Me kastar og trillar ball, har quiz, bygger med klossar, leiker kims leik, spelar og syng og meir. På hausten blei det eit opphald grunna interne forhold på Lundenjordet.



- **Språkkaféen** har også fortsett kvar måned sidan 2023 med Kristen Salmelid som hovudansvarleg. Frivilligsentralen dekker utgiftene til maten og lagar plakatane. Det har vore godt oppmøte og ein flott arena for å bli kjend. Marit Sørby har laga rundstykke og suppe til kvar gong, slik at alle som kjem får eit gratis måltid. Det møter ein stor gjeng med faste besøkande, både norsktalande og ikkje.



- **Stolpejakten:** Me har no hatt stolpejakten som aktivitet og tilbod i Kviteseid kommune fem år på rad. Me opplever det som ein glede å kunne vise fram kommunen vår til både lokalfolk og turistar, og me er stolte av å ha så mykje historisk informasjon på stolpane våre. 1279 stolpejegarar har vore på jakt i kommunen i 2024, og forutanom tre dagar har det blitt registrert nokon stolpebesøk kvar dag. Men det beste er kanskje at me har så mange engasjerte frivillige til å ordne med stolpejakten, og endå fleire meldte seg i 2024. Så framtida for stolpejakten her omkring ser per i dag lys ut! Me ynskjer å seie tusen takk til alle dykk som bidreg med stolpejakten og historiske tekster. I 2024 hadde me stolpar i Vrådal, Kviteseid sentrum, Tveitgrendi og Brunkeberg. Me vil også nemne fleire som er med å sponse stolpejakten i kommunen vår; Kviteseid idrettslag, Morgedal idrettslag, Kviteseid kommune, Vrådal elektro, Vrådal suvenir, Vrådal Dagligvare AS, Vrådal idrettslag, Vrådal sanitetslag, Vrådal golfklubb og Vrådal Vel.



Enkeltarrangement:

- **Skøytedisco :** No har det vel blitt eit fast opplegg med skøytedisco som ein del av Kviteseidmarken fredag kveld. Igjen kom det massevis av store og små, og det var lys, musikk, fyrverkeri og kiosk. Fleire frivillige gjer ein kjempejobb og bidreg til at både is, lys, musikk og mat kjem på plass.



- **Sjakkturnering:** Det er heldigvis betre seint enn aldri, men endeleg fekk me innvia sjakkbenken i sentrum med ein sjakkturnering! Det var fleire frivillige som stilte opp, og også nokre frå Kviteseid brettspelklubb tok turen. Dessverre var ikkje oppmøtet det største, men det blei ein liten turnering, litt innføring i sjakk for underteikna sitt born, og me stekte sveler med røre sponsa frå Aasmundsens bakeri. Vêret var ikkje det beste, så me fekk ha sjølve turneringa i bryggekafeen. Kviteseid Næringslag sponsa med eit gåvekort som premie. I sommar gjorde me ein ekstra innsats for å få folk til å bruke sjakkbordet, ved å henge opp infolappar og setje sjakkbrikkene på bordet. Og me har observert, og høyrd frå dei som passa på brikkene på bryggekafeen, at fleire har spelt sjakk i sentrum. Så det er triveleg!



- **Middag for eldre:** i høve eldredagen 1. oktober arrangerte me igjen gratis middag for eldre på Straand hotell. Me fekk i år 10 000kr frå Den kulturelle spaserstokken frå kommunen til arrangementet, og hadde loddsal for å få inn litt meir av utgiftene. Hotellet gav oss også ein god pris på maten. Me hadde noko songinnslag, pianospel av Robertas, organisten i Tokke/Vinje, og eit foredrag av Johannes Skarperud som synte nokre gamle bilete av Kviteseid, og korleis gjestane sjølv kunne finne fram til bileta på heimesida til historielaget.



Godkjende søknadar om stønad:

- **Stiftelsen Dagsrudheimen** gav 15 000kr til utstyr til aktivitetsrom og uteaktiviteter hjå Krodokk/Lundenjordet. Frivilligsentralen søkte om dette på vegne av Lundenjordet.
- **Sparebanken Sør** gav fyrst 20 000kr til Bygdekinoen i Kviteseid, og seinare ein større sum til BUA-ordningane her til lands, der Kviteseid utlånssentral fekk 103 988 kroner.
- **Buudir** innvilga eit treårig tilskot til utlånssentralen frå 2023, og i 2024 fekk me 77 000kr frå Buudir.

- **Gjensidigestiftelsen** har igjen vore gåvmilde og innvilga 392 619kr til prosjektet «Opne møteplassar» over to år. Pengane er tenkt å brukas til gratis skibuss for born og ungdom, Øpen hall, bygdekinoen, leige av lokale, hobbyartiklar, treffpunkt for eldre, inventar til nytt bibliotek (fleirbrukshus), kurs, marknadsføring og løn.
- **Sparebankstiftelsen Sør**, som er Sparebanken Sør si relativt nyoppretta stifting, innvilga også ein større søknad frå oss om midlar til innreing av nytt fleirbrukshus/bibliotek i sentrum, og noko til prosjektet «Opne møteplassar». Me får heile 605 381kr frå dei. Ca. 500 000kr av dette er tiltenkt biblioteket, med mål om å skape ein ny møteplass i sentrum for alle, og eit nytt tilbod med ein «skaparverkstad» i same lokale.

Frivilligsentralen sine lokale:

Me har i 2024 fortsatt å leige kontorplass på Næringshagen, med moglegheit til å nytte kantina til arrangement og møteromma på huset.

Auditoriet til NC Spectrum har me fått låne gratis til bygdekinoen kvar månad, og ein gong til Øpen hall. Elles nyttar me andre lokaler i kommunen til dei ulike arrangementa. I 2024 starta samtalen om frivilligsentralen ville bli ein del av dei nye lokala som biblioteket skal inn i i Kviteseid sentrum.



Årsrapporten er skriven av dagleg leiar,
Cecilie Austjore-Hosum